

Fra: Anne-Sofie Bergene Strømme[]

Sendt: 23.04.2026 13:58:00

Til: Hanne Birte Hulløen[hanne.birte.hulloen@telemarkfylke.no]

Kopi: Dag Steinar Ragvin[dag.steinar.ragvin@telemarkfylke.no];

Tittel: Dialog i høve høringsinnspel Mobø bustadfelt - gang- og sykkelveg

Hei,

Eg viser til telefonsamtale 23.04.26 og høringsinnspel frå Telemark fylkeskommune i brev datert 06.02.26 knytt til reguleringsplan for Mobø bustadfelt.

Slik eg har forstått omgrepsbruken, inneber «gang- og sykkelveg» ei løysing der det er grøft mellom gang- og sykkelvegen og fylkesvegen, medan «fortau» ligg direkte inntil fylkesvegen utan grøft imellom. Etablering av fortau utan grøft langs fylkesveg med fartsgrense 60 km/t krev fråvik frå gjeldande vegnormalar. Reguleringsplanen kan ikkje takast opp til endeleg vedtak før eventuell fråviksbehandling føreligg. Alternativt kan plankartet endrast. Telemark fylkeskommune har i høringsinnspelet bedt om å få tilsendt endra plankart til utsjekk før planen vert godkjend.

For arealføremålet gang- og sykkelveg o_SGS2 gjeld følgjande føresegner:

- Gang- og sykkelvegen skal tilfredsstillast krava i N100 og V121.
- G/S-veg skal utførast etter detaljplan godkjend av Telemark fylkeskommune ved søknad om løyve til tiltak.

Slik føresegnene er utforma, ligg det føre motstrid mellom plankart og føresegner, då gang- og sykkelveg skal tilfredsstillast krava i vegnormalane. Kommunedirektøren rår difor til at arealføremålet gang- og sykkelveg o_SGS2 blir flytt, slik at det blir regulert grøft (anna vegggrunn o_SVG) mellom gang- og sykkelvegen og fylkesvegen på heile strekinga. Dette er i tråd med høringsinnspelet frå fylkeskommunen og med det som går fram av føresegnene.

Dersom denne løysinga ikkje blir vedteken, vil det framleis vere motstrid mellom plankart og føresegner, og planen kan då ikkje vedtakast. Dersom ein vel å vidareføre løysing med gang- og sykkelveg utan grøft (fortau) i plankartet, må det søkjast om fråvik frå vegnormalane før endeleg handsaming.

Eg ber om ei stadfesting, slik som drøfta i telefonsamtale 23.04.26, på om dette er ei tilstrekkeleg skildring i saka, og at oppfølging gjennom vedtak vil vere tilfredsstillande for å imøtekome kravet om innsending av endra plan til utsjekk før godkjenning.

Fint om vi kan få ei tilbakemelding innan 28.04.26, slik at intern skrivefrist kan haldast.

Med venleg helsing

Anne-Sofie Bergene Strømme

Plan- og miljørådgjevar
Økonomi og samfunn

📞 48 11 84 29

✉ anne-sofie.stromme@vinje.kommune.no



VINJE



Miljøfyrtårn

Det er ikkje tillate å bruke e-post til teiepliktig informasjon. All e-post til og frå Vinje kommune er i utgangspunktet journalpliktig, og vil kunne vera eit offentleg saksdokument som andre kan få innsyn i etter reglane i Offentleglova. Om du skal sende noko som inneheld sensitive opplysningar må du nytte eDialog, du finn [lenke til eDialog](#) her.